



INNkjøPSREGLEMENT

2020-2024

Årdal kommune

Målet for innkjøpsarbeidet i kommunen er å kjøpe og forvalte dei varer og tenester det er behov for på ein måte som fører til mest mogleg effektiv ressursutnytting for heile kommunen.



Vedteke i kommunestyret 29. oktober 2020 (acos 20/1161-5)
K-sak 070/20

1 INNHOLD

1	Innleiing	2
2	Mål og strategi for innkjøpsarbeidet	3
2.1	Ansvar	3
2.2	Grunnleggjande prinsipp for innkjøp.....	3
3	Retningslinjer for dei enkelte kjøp	6
4	Organisering av innkjøpsarbeidet.....	7
5	Grunnleggjande krav til innkjøpsarbeidet	9
6	Avtalar/kontraktar	10
7	Spesielle vilkår - oppsummert	11
8	flytskjema.....	12
9	Vedlegg – seriøsitetskrav for bygg- og anleggsbransjen	13

1 INNLEIING

Reglementet gjeld for alle typer innkjøp til kommunen; innkjøp av varer og tenester, konsulenttenester, samt kontrahering av bygg og anlegg (drift og investering). Tilsette som er involvert i innkjøp til kommunen, pliktar å sette seg grundig inn i innkjøpsreglementet, tilhøyrande lover og forskrifter og å utføre innkjøpsarbeidet i samsvar med dette.

Tilsette pliktar og å sette seg inn i kommunen sine etiske retningslinjer.

Innkjøpsreglementet gir rammer for korleis innkjøpsprosessen skal skje, frå planlegging til kontrakt. Etterleving av regelverket er krevjande og kommunen bør sikre at dei har noko kompetanse innafor dette området.

Alle innkjøp skal vere med grunnlag i vedteke budsjett, evt. politiske vedtak og i tråd med gjeldande delegeringsreglement.

Innkjøpssamarbeid

Kommunestyret vedtok i sak 154/19 avtale med Kinn kommune om innkjøpssamarbeid. Dette samarbeidet er mellom fleire kommunar i gamle Sogn og Fjordane fylke. Årdal kommune får tilbod om å vere med på rammeavtaler som vert gjort i dette samarbeidet. Denne type samarbeid er rasjonelt og det bidreg til kvalitetssikring av kommunen sine innkjøp generelt. Det er ynskjeleg at kommunen knyttar seg til flest mogleg av desse avtalane. I tillegg kan Årdal kommune, gjennom avtale, ved behov be om fagleg bistand.

Der det er motstrid mellom Årdal kommune sitt innkjøpsregelverk og vertskommune Kinn kommune sitt regelverk, så er det beste praksis og vertskommunen sitt regelverk som skal gjerast gjeldande.

Lokalt næringsliv

Lokalt næringsliv skal prioriterast så langt det er muleg innanfor lov og regelverk for kommunale innkjøp og så lenge det ligg føre konkurransedyktige lokale alternativ.

Lokalt næringsliv bør stimulerast til å gjere seg kvalifisert og til å inngå samarbeidsløysingar som kan sette dei i stand til å delta når kommunen har ute anbudskonkurransar på innkjøp.

Helse og omsorgstenester

For innkjøp av helse- og sosialtenester til ei årleg verdi på under 7,2 mill. kr. er det egne reglar. Omsyn til brukar, stabilitet og personvern er viktig. Dette betyr igjen at økonomi berre blir ein av fleire variablar som må ivaretakast når ein skal kjøpe private helsetenester. Det er utarbeidd eigen nasjonal **veileder for kjøp av helse og sosialtenester.**

2 MÅL OG STRATEGI FOR INNKJØPSARBEIDET

Målet for innkjøpsarbeidet i kommunen er å kjøpe og forvalte dei varer og tenester det er behov for på ein måte som fører til mest mogleg effektiv ressursutnytting for heile kommunen.

Rutinane skal sikre at:

- Lov og forskrift om offentlige innkjøp vert følgd
- Dokumentasjon av innkjøp er lett tilgjengeleg
- Internkontroll kan oppdage feil og ein kan få rette desse i tide
- Ordninga skapar tillit av tilsette, leverandørar og innbyggjarar
- Miljøaspektet ved innkjøp blir ivareteke

2.1 ANSVAR

Kommunedirektøren er ansvarleg for samordning av alle innkjøp i kommunen og kan delegere sine fullmakter i innkjøpssaker vidare til tenesteleiarane. Kommunedirektøren ved innkjøpsansvarleg i kommunen har fagleg ansvar for det totale innkjøpsarbeidet.

Kommunedirektøren har fullmakt til å inngå og godkjenne rammeavtaler på vegne av Årdal kommune. Dette gjeld eigne rammeavtaler og rammeavtaler inngått i samarbeid med andre kommuner.

Tenesteleiarane har delegert innkjøpsansvar for sine einingar, og har ansvar for enkeltinnkjøp og følge opp rammeavtalar som vert inngått for sine tenester.

Reglementet gjeld for alle tilsette i kommunen.

2.2 GRUNNLEGGJANDE PRINSIPP FOR INNKJØP

Årdal kommune har som målsetting å ikkje konkurranseutsette kommunal tenester.

Dersom administrasjonen vurderer at eit kommunalt tenestetilbod må settast ut på anbudskal det leggst fram sak for formannskapet.

Årdal kommune skal arbeide for at kommunen blir ein skatteparadisfri kommune.

Alle innkjøp av varer og tenester, samt evt. investeringar, som kommunen gjere aleine eller i lag med andre – skal skje med leverandørar som ikkje har tilknytning til skatteparadis

Lokalt næringsliv

Under føresetnad at ein er innafor gjeldande reglar skal ein fortrinnsvis nytte lokal leverandør

Lærlingar

I relevante konkurransar vert det stilt krav om at leverandørar er tilknytta ein lærlingordning, og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med gjennomføringen av kontrakten t.d. byggeprosjekt jfr. anskaffelsesloven § 7. Krav om bruk av lærlingar

Seriøsitetsskrav - vedlegg

Seriøsitetsskrav i offentlege anskaffingar for bygg og anleggsbransjen skal følgjast og innarbeidast i kommunen sine konkurransegrunnlag.

Innkjøp for kommunen er delt i tre typar;

- Varekjøp
- Tenestekjøp
- Bygg og anlegg

For innkjøp gjeld følgjande retningslinjer:

- Alle innkjøp skal ha sitt grunnlag i vedteken økonomiplan og budsjett
- Alle innkjøp skal skje i samsvar med vedtekne rutinar i kommunen
- Innkjøp skal følgje gjeldande lover og forskrifter
- Kravet kommunen har til helse, miljø og tryggleik skal følgjast
- Innkjøpsavtaler som er inngått og gjort gjeldande skal nyttast. Gjeld også avtalar som er gjort gjennom innkjøpssamarbeidet med Kinn.

Heimelsgrunnlag

Årdal kommune skal sjå til at innkjøpsreglementet er i samsvar med internasjonale og nasjonale reglar.

Lovgrunnlag og eigne reglement:

- Forskrift om offentlege anskaffelser (anskaffelsesforskriften) av 12. august 2016, heimla i lov av 17. juni 2016 nr. 73 om offentlege anskaffelser (anskaffelsesloven)
- Veileder til reglene om offentlege innkjøp
- Veileder om etiske krav i offentlege innkjøp, 2009
- Regjeringens handlingsplan for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp
- Lov om offentlighet i forvaltningen
- Finansreglement for Årdal kommune
- Økonomireglementet for Årdal kommune
- Delegeringsreglement for Årdal kommune
- Etiske retningslinjer for Årdal kommune

Regelverket for offentlege innkjøp er basert på forpliktelse som følgjer av EØS - avtalen og WTO – avtalen. Dei lovfesta prinsippa er grunnleggande krav som følgjer av lov om offentlege innkjøp.

Etiske prinsipp for innkjøp

Årdal kommune skal ved innkjøp respektere grunnleggande krav til arbeidstakar- og menneskerettigheter i tråd med ILO-konvensjon nr. 94 og forskrift om løns- og arbeidsvilkår. Leverandøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette av eventuelle

underleverandører ikke har dårligere løns- og arbeidsvilkår enn det som følger av tariffavtaler, regulativ eller det som er normalt for det.

Årdal kommune krev at tilbydde varer er produsert eller vert produsert i samsvar med ILOs kjernekonvensjoner, uansett kvar i verda produksjonen vert gjort og at leverandøren garanterar for dette. I dette er organisasjonsfriheit, og forbod mot barnearbeid, diskriminering og tvangsarbeid.

Kommunen skal ved tenesteavtalar sikre løns- og arbeidsvilkår som ikke er dårligere enn det som følger av gjeldande forskrifter om allmenngjorte tariffavtalar, landsomfattande tariffavtalar for dei aktuelle bransjane eller det som er vanleg. Dersom risikoen for brot på krava vert sett på som liten, kan det vere nok å gjennomføre oppfølging ved leverandørmøter, innsending av eigenrapporteringsskjema eller liknande.

Elles gjeld følgjande etiske prinsipp for tilsette:

- Alle skal arbeide for ordningar og avtalar som sikrar både effektiv konkurranse og nødvendig kontinuitet. Det er også viktig å sikre nødvendig fridom til å kunne skifte leverandør når forholda tilseier at dette bør gjerast.
- Ingen leverandør skal få urettmessige fordelar framfor andre. Ingen medarbeidarar skal kunne oppnå personlege fordelar av innkjøpa til kommunen.
- Det skal gjevast korrekt og objektiv informasjon om den kommunale verksemda.
- Ingen medarbeidar i kommunen som deltek i, eller utføre kommunale innkjøp, kan vere involvert i forhold som kan påverke handlefridom og dømmekraft.
- Alle medarbeidarar som deltek i kommunale innkjøp, skal informere sin nærmaste overordna om reell eller mogleg inhabilitet.
- Medarbeidarar som deltek i kommunale innkjøp, pliktar å vera fortruleg i forhold til den informasjonen leverandørar gir om prisar, spesifikasjonar og andre forhold som betyr noko for val av leverandør.
- Alle leverandørar skal få korrekt informasjon, høfleg mottaking og behandling i forhold til god forretningsskikk. Ingen av dei tilsette i kommunen må personleg forplikte seg i forhold til leverandørar.
- Gåver som reiser tvil om integritet eller som kan gi slikt inntrykk, skal ikke akseptast.
- Ingen medarbeidar skal gje opplysningar om andre tilbod eller leverandørar, heller ikke opplyse om prisnivå eller økonomiske rammer kommunen har vurdert utover det som er opplyst i utlysingsteksten.
- Årdal kommune skal ta aktivt samfunnsansvar gjennom å etterspørje og forbruke varer og tenester som er produsert etter høge miljømessige, sosiale og etiske standardar.

Moderate former for gjestfridom og sosialt samvær høyrer med til høfleg forretningssomgang. Graden av dette må ikke utviklast slik at det påverkar valet av leverandør eller gjev andre grunn til å tru det.

3 RETNINGSLINER FOR DEI ENKELTE KJØP

Eit kjøp skal så langt som mogleg vere basert på konkurranse. Dei etiske reglane gjeld for alle kjøp uansett storleik. For å avgjere kva del av forskrifta som er gjeldande for innkjøpet må ein gjere ei vurdering av verdien på innkjøpet jfr lov og forskrift om offentlig anskaffelse.

Dei nasjonale terskelverdiane er i stadig endring. Det skal ikkje vere naudsynt å endre reglementet kvar gong desse endrer seg, prinsippet om å alltid følgje nasjonale terskelverdiar gjeld.

Alle tilbodskonkurransar skal utlysast i samsvar gjeldande terskelverdiar og pr. oktober 2020 er dette:

Oppdrag med estimert total verdi under kr. 100.000	Kan kjøpast direkte frå ein leverandør, men bør vere basert på konkurranse mellom to eller fleire aktuelle tilbydarar.
Oppdrag med estimert total verdi kr. 100.000 – 1,3 mill. Nasjonal terskelverdi	Konkurranse mellom min. 3 aktuelle tilbydarar. Kunngjerast for marknaden og /eller til aktuelle relevante tilbydarar.
Oppdrag med estimert total verdi fra nasjonal terskelverdi – EØS terskelverdi.	Kunngjering i DOFFIN database (dvs. i den norske marknaden).
Oppdrag med estimert total verdi > EØS terskelverdi	Kunngjering i DOFFIN og TED database (dvs. i EU/EØS marknaden).

Det er ikkje tillete å dele opp planlagde innkjøp for å komme under terskelverdiane.

Innkjøp inntil 100 000

Innkjøp under 100 000 kroner vart unnateke anskaffelsesregelverket frå 1. juli 2015.

Innkjøpar treng ikkje lenger dokumentere at fleire leverandørar er kontakta i forkant av innkjøpet. Det vil likevel vere fornuftig å sjekke ut fleire tilbydarar også på innkjøp under denne summen.

Innkjøp mellom kr 100.000 og 1,3 mill. (nasjonal terskelverdi)

Innkjøpet er omfatta av Del I i forskrift om offentlige innkjøp, dvs. dei lovfesta prinsippa. Det skal sendast førespurnad til minimum 3 leverandørar, dersom muleg.

Innkjøp over nasjonal terskelverdi

Innkjøp av omfang mellom Nasjonal terskelverdi opp til EØS- terskelverdi. Innkjøpet omfattar del I og del II i forskrift om offentlige innkjøp, og skal følgje prosedyren for åpen anbudskonkurranse.

Innkjøp over EØS — terskelverdi. Innkjøpet omfattar del I og del III i forskrift om offentlige innkjøp, og skal følgje prosedyren for åpen anbudskonkurranse.

Anbud:

~~Kriterier for anbud skal fastsettest av formannskapet jfr. pkt. 59 i reglement for delegering.~~

Rammeavtaler

Årdal kommune har rammeavtaler med fleire leverandørar, i tillegg til avtalar gjennom innkjøpssamarbeidet med Kinn.

Varer og tenester som ligg innafor ei inngått rammeavtale, skal rekvirerast i samsvar med rammeavtala. Det er berre unntaksvis ved tvingande grunnar at ein kan gå utanom rammeavtala. Grunnen må kunne dokumenterast.

Ei rammeavtale er eit bindande dokument for både kjøpar og leverandør, det er derfor nødvendig at føresegnene i rammeavtala blir fulgt.

Unntaksreglar

Ved akutte behov, som ikkje har vore moglege å sjå på førehand, kan direkte kjøp gjerast. Det må kunne dokumenterast at dette har vore nødvendig.

Kommentar:

Uttrykket "ikkje har vore moglege å sjå på førehand" betyr i dette tilfelle f.eks. brann, maskinhavari, flom osv. Døme på dette kan vere fare i samband med flaum eller ras der det er behov for strakstiltak.

4 ORGANISERING AV INNKJØPSARBEIDET

Rammeavtaler som blir gjort gjeldande for heile eller delar av kommunen, er eit viktig verkemiddel for å kunne nytte dei fordelane det samla innkjøpsvolumet representerer for kommunen og innkjøpssamarbeidet. Rammeavtaler sikrar også ei samordna og rasjonell åtferd overfor leverandøren.

Det er eit krav til den enkelte å samarbeide. Det er grunn til å tru at betre samarbeid gir stordriftsfordelar i heile innkjøpsprosessen.

Administrativ prosedyre

Ny forskrift frå 2017 fører til at tidlegare konkurranseformer som åpen anbudskonkurranse, begrensa anbudskonkurranse og konkurranse med forhandling går ut. Dette vert erstatta med åpen eller begrensa tilbuds konkurranse

- I ein åpen tilbuds konkurranse kan alle interesserte leverandørar gje tilbod.
- I ein begrensa tilbuds konkurranse kan alle interesserte leverandørar levere ein forespørsel om å delta i konkurransen. Berre dei leverandørane som blir invitert av oppdragsgjevar kan gje tilbod.

Ny forskrift opnar opp for at oppdragsgjevar (etter utløp av tilbudsfristen) kan avgjere om det skal førast dialog med leverandørane. Denne dialogen kan gjelde alle sider ved tilboda og kan mellom anna omfatta avklaringar og forhandlingar. Oppdragsgjevaren kan ha dialog med ein eller fleire leverandørar. Eventuell utvelging og seinare samhandling med leverandørar skal skje i samsvar med likebehandlingsprinsippet.

Utarbeiding av konkurransegrunnlag

Omfanget av konkurransegrunnlaget vil variere avhengig av type innkjøp og storleik på innkjøpet. Lovverket har klare reglar for kva grunnlaget skal innehalde (gjeld innkjøp over Nasjonal terskelverdi).

Årdal kommune nyttar malar utarbeidd av Digitaliseringsdirektoratet.

I konkurransegrunnlag som gjeld bygg- og anleggsbransjen skal seriøsitetskrava innarbeidast som ein del av grunnlaget.

Innkjøpsprotokoll

I samsvar med lov om offentlige innkjøp skal det førast ein innkjøpsprotokoll for alle kjøp over nasjonal terskelverdi. Protokollen skal skildre alle vesentlige forhold og viktige avklaringar gjennom heile innkjøpsprosessen. Dette skal gjerast for å dokumentere at innkjøpet er basert på konkurranse, og at krava til etterprøvbarheit og gjennomsigtheit er ivareteke. Protokollen er bygd opp slik at den føl innkjøpsprosessen.

Utllysing og fristar

Lov og forskrift om offentlige innkjøp gir reglar for korleis ein skal kunngjere innkjøp.

Følgjande reglar gjeld: Nasjonal kunngjering

Ved kjøp av varer og tenester over nasjonal terskelverdi, men lågare enn EØS – tersklane skal innkjøpet kunngjerast i Doffin – databasen.

EØS-kunngjøring

Kjøp av varer og tenester over EØS – tersklane skal innkjøpet kunngjerast i Doffin og TED-databasen.

Evaluering av tilbod og val av leverandør

Val av leverandør skal baserast på enten lågast pris eller på det økonomisk mest fordelaktige tilbodet jfr. kriterier i konkurransegrunnlaget, ved utlysing av konkurranse skal dette gå fram i kunngjeringa.

I vurdering knytt til kva som er det økonomisk mest fordelaktige tilbodet skal det gjerast ei vurdering av pris og kvalitet. I konkurransegrunnlaget skal det vere sett opp kriterier for val av leverandør ut i fra kva varer og tenester som skal kjøpast inn.

Kontrakt og klage

Før kontrakt kan signerast med valde leverandør skal det sendast elektronisk brev til tilbydarane der grunngjevinga for val av leverandør kjem fram og kvifor den enkelte tilbydar ikkje vart valgd. Vidare skal dei leverandørane som ikkje vart valgd få ei rimeleg tid for å kunne klage. Etter forskrifta del III gjelder minimum 10 virkedagars frist for å klage/be om nærare grunngjeving på kommunen sitt leverandørval. Dette innebærer ei karenstid fra vedtaket er fatta til kontrakt kan underteiknast.

Regler for klage følg av lov om offentlige innkjøp og KOFA - forskrift av 15.11.02, nr. 1288. Når leverandør er valgd, skal det lagast ein kontrakt på innkjøpet som regulerer avtaleforholdet mellom partane.

Journalføring og offentlegheit

I kommunal forvaltning er dokument er offentlege, men det er muleg til å unnta tilbudsdokument og protokoll til val av leverandør er gjort. Etter det er også desse dokumenta offentlege, og evt. unntak må ha særskilt heimel. Til dømes kan taushetsplikt i forvaltningsloven § 13, eller ut frå omsyn til forsvarleg gjennomføring av økonomiforvaltninga til kommunen, jfr. offentlighetsloven § 23, 1. ledd vere aktuelle unntak.

Det vil vere god forvaltningsskikk å la aktuelle leverandørar få uttale seg om kva opplysningar dei meiner skal vere unntake offentlegheit. Men, administrasjonen skal alltid gjere ei sjølvstendig vurdering om opplysningane kan unnatakast offentlegheit. Pris- og produktskjema er unnateke offentlegheit jfr. forvaltningsloven § 13 ledd 2. Einheitsprisar er innafor denne kategorien.

Når kommunen deltek i konkurransar som vert gjennomført av andre kommunar/innkjøpssamarbeid er det kun anbudsdokument som gjeld vinnande tilbydar som skal journalførast.

Når kommunen gjennomfører eigne konkurransar, eller køyrer konkurransar der også andre kommunar deltek skal alle tilbod journalførast.

5 GRUNNLEGGJANDE KRAV TIL INNKJØPSARBEIDET

Kven krava gjeld for, formål med krava

Dei grunnleggjande prinsippa for innkjøp i kommunen gjeld for alle tilsette i kommunen. Dette dokumentet skal medverke til felles og korrekt åtferd i leverandørmarknaden.

Prosedyrar

Val av prosedyre skal skje etter Lov om offentlege innkjøp og vedteken forskrift til lova og dette reglementet.

Lover, forskrifter og vedtak

Alle som arbeider med innkjøp i kommunen, skal gjera seg kjende med lover og forskrifter og etterleva dei vedtak som er relevante i samband med dette.

Inhabilitet

Alle medarbeidarar som deltek i innkjøpsarbeidet, skal informere sin overordna om reell og mogleg inhabilitet, slik som eigarinteresser, familieforhold, nært personleg vennskap eller liknande i forhold til leverandørar eller representantar for leverandørane.

Fortruleg saksbehandling

Ein skal hindre at innkjøpsarbeidet blir kjent for uvedkomande (teieplikt). Spreiing av slik informasjon skal avgrensast til det strengt nødvendige. Konkurranseselementa til tilbydar skal ikkje offentleggjerast, jf. lov om offentlegheit i forvaltninga § 6-2a med forskrift til offentlegheitslova, kapittel 5 punkt 12, og forvaltningslova §13. Tilsette i Årdal kommune pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om forretningstilhøve som det vil vera grunnlag for å halde fortruleg av konkurransemessige tilhøve, jfr. fvl. § 13.

Leverandørrelasjonar

Leverandørkontakt

All kontakt med leverandørar skal berre skje ut frå interessene til kommunen. Kontakta skal skje i samsvar med etiske retningsliner omtala i punkt 1.4.

Personlege kjøp

Tilsette i kommunen må ikkje utnytte si stilling til å oppnå særlege fordeler ved eigne kjøp frå leverandørane til kommunen, og skal ikkje ta imot gåver, ytingar, pengar eller andre fordelar. Dette gjeld likevel ikkje gåver av liten og uviktig verdi, så som reklamemateriell, blomster o.l.

6 AVTALAR/KONTRAKTAR

Løpande kontraktar

Løpande kontraktar bør ikkje inngåast over ein uforholdsmessig lang periode. Tilrådd tidsrom er 2 år, med opsjon på 1 år + 1 år.

Det skal gjerast avtale om ein gjensidig frist for oppseiing. Ved mishald skal det vera mogleg å seia opp kontrakten straks.

Rammeavtaler

Rammeavtale er ei tidsavgrensa avtale med ein eller fleire leverandørar, sjå pkt. 5.1. Kommunen forpliktar seg ikkje til noko bestemt kjøpsvolum.

Alle avrop/bestillingar skal kunne dokumenterast skriftleg.

Kjøpsavtaler

Kjøpsavtale er ei skriftleg avtale med ein leverandør om eit bestemt enkeltkjøp.

Oversikt over avtaler

Kommunedirektøren v. innkjøpsansvarleg har ansvaret for at det til kvar tid eksisterer ajourførte oversikter over inngåtte avtaler.

Tenestekjøp

Ved bruk av konsulentar skal desse underskrive vanleg teieplikterklæring. Det skal i tillegg avkrevjast erklæring om at dei ikkje har interesser i eventuelle avgjerder om innkjøp som følgje av engasjementet deira.

Miljøinnkjøp

Det skal under planlegginga av det enkelte innkjøp takast omsyn til livssyklus kostnader og miljøkonsekvensar, jf. lov om offentlege innkjøp.

Barnearbeid


Så sant mogleg skal det før og under kontraktsinngåing og i kontraktsperioden undersøkjast om barnearbeid førekjem i vareproduksjonen jf. lov om offentlege innkjøp.

Lærlingar

Det vert stilt krav om at leverandør er tilknytta ein lærlingordning, og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med gjennomføringa av kontrakten. Kravet gjeld i bransjer der departementet har definert at det er særlig behov for læreplassar jf. lov om offentlege innkjøp.

Seriøsitetskrav

Seriøsitetskrav i offentlege anskaffingar for bygg og anleggsbransjen skal følgjast og innarbeidast i kommunen sine konkurransegrunnlag.



Spesielle kontraktsbestemmelser som skal sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontrakter
- tillegg til Norsk Standard

Utarbeidet i avtale mellom Fellesforbundet, Byggenæringens Landsforening, Direktoratet for forvaltning og IKT og KS.

1. HMS-kort

Alle arbeidstakere skal bære lett synlig et gyldig HMS-kort utstedt av Arbeidstilsynet. Ordrebekreftelse, søknadsskjema o.l. aksepteres ikke som HMS-kort. Arbeidstakere som ikke har slikt HMS-kort vil bli bortvist fra byggeplassen. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

2. Pliktig medlemskap i StartBANK eller tilsvarende leverandørregister

Leverandøren skal ved kontraktsinngåelse oppgi StartBANK ID, fremlegge kopi av registreringsbevis fra StartBANK eller tilsvarende leverandørregister - som inneholder oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon. Leverandøren skal gi leverandørregisteret fullmakt til å innhente SKAV-info (skatte- og avgifts informasjon) i hele kontraktsperioden.

3. Krav om faglærte håndverkere

Ved utførelsen av kontraktarbeidet skal minimum 40 % av arbeidede timer innenfor bygg- og anleggsgartnervirket (de fag som omfattes av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk samt anleggsgartnerfaget) samlet utføres av personer med fagbrev, svennebrev eller dokumentert fagopplæring i henhold til nasjonal fagopplæringslovgivning eller likeverdig utenlandsk fagutdanning.

Det skal være fagarbeidere i alle ovennevnte fag. Kravet kan også oppfylles ved at arbeidede timer er utført av personer som er under systematisk opplæringen og er oppmeldt etter kravene i Praksiskandidatordningen, jf. opplæringslova § 3-5, eller etter tilsvarende ordning i annet EU/EØS-land. I enkeltpersonforetak uten ansatte gjelder ovenstående krav for eier.

Leverandøren skal etter kontraktsinngåelsen redegjøre for hvordan kravet vil bli oppfylt, samt jevnlig oversende bemanningsplaner og rapporter som viser oppfylleelsesgraden. Byggherren kan stanse arbeidet dersom det er grunn til å tro at mislighold vil inntreffe, og forholdet ikke blir rettet innen en rimelig frist gitt ved skriftlig varsel fra byggherren.

4. Lærlinger

Ved utførelsen av kontraktarbeid skal minimum 7 % av arbeidede timer innenfor bygg- og anleggsgartnervirket (de fag som omfattes av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk, samt anleggsgartnerfaget) utføres av lærlinger, jf. opplæringslova § 4-1.

Kravene kan oppfylles ved at arbeidede timer er utført av personer som er under systematisk opplæringen og er oppmeldt etter kravene i Praksiskandidatordningen, jf. opplæringslova § 3-5. Kravene kan også oppfylles ved å benytte lærlinger etter tilsvarende ordning i annet EU/EØS-land og personer som er under systematisk opplæringen og er oppmeldt etter tilsvarende ordning som kravene i Praksiskandidatordningen, jf. opplærings-

lova § 3-5, i annet EU/EØS-land.

Kravet kan oppfylles av leverandøren og en eller flere av hans underleverandører. 15-11-16
Spesielle kontraktsbestemmelser som skal sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontrakter –
tillegg til Norsk Standard. Dersom arbeidene ikke er egnet ut fra arbeidets art og helse, miljø
og sikkerhet kan byggherren tillate at prosentkravene ovenfor fravikes.

Leverandøren skal ved oppstart, og på anmodning under gjennomføringen av
kontraktarbeidet, sannsynliggjøre at kravene vil bli oppfylt. Ved kontraktsavslutning skal
det fremlegges oversikt over antall læringetimer. Timelister skal fremlegges på
anmodning.

5. Rapporteringsplikt til Sentralskattekontoret for utenlandssaker

Kontrakt gitt til utenlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakere på slik
kontrakt, skal rapporteres til Sentralskattekontoret for utenlandssaker i henhold til
ligningsloven § 5-6.

Leverandøren er ansvarlig for at slik rapportering skjer i hele kontraktskjeden. Leverandøren
skal på forespørsel dokumentere at rapporteringsplikten er oppfylt ved kopi av
innmeldingsskjema eller kvittering fra Altinn.

Eventuelt ansvar for skatter eller avgifter, gebyrer eller tvangsmulkt ilagt byggherren som
følge av at leverandøren ikke har overholdt sine forpliktelser etter dette punktet er
leverandørens ansvar og skal betales av ham.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal
inneholde tilsvarende bestemmelser.

6. Internkontroll. Sikkerhet, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Leverandøren skal følge den til enhver tid gjeldende arbeidsmiljølov med tilhørende
forskrifter, byggherrens SHA-plan og byggherrens eller koordinators anvisninger.

Leverandøren plikter å ha et internkontrollsystem iht. forskrift om systematisk helse- miljø og
sikkerhetsarbeid i virksomheter. Relevante deler av byggherrens SHA-plan skal innarbeides i,
og følges opp gjennom, leverandørens internkontroll. Innarbeidingen skal skje slik at SHA-
planens bestemmelser kan identifiseres.

Med mindre annet er avtalt, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersoner i prosjektet
foregå på norsk. Leverandøren skal sørge for at arbeidstakerne han og eventuelle
underleverandører benytter kan kommunisere på en slik måte at manglende
kommunikasjon ikke utgjør en sikkerhetsrisiko.

For å unngå at det skjer ulykker fordi ikke alle forstår informasjonen som blir gitt, gjelder
følgende: Minst én av det utførende personell på ethvert arbeidslag skal kunne forstå og
gjøre seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom flere utfører oppdrag sammen, skal
vedkommende i tillegg forstå og gjøre seg forstått på et språk alle de andre på arbeidslaget
forstår og kan gjøre seg forstått på.

Alle på byggeplassen skal forstå SHA-plan, sikkerhetsopplæring, HMS-rutiner, verneprotokoller, sikkerhetsinstrukser, SJA, sikkerhetsdatablader, bruksanvisning for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilter mv. Materialet skal foreligge på det språk vedkommende arbeidstaker bruker som morsmål, såfremt arbeidstakeren ikke forstår informasjonen fullt ut på norsk eller engelsk.

Ved brudd på ovennevnte plikter har byggherren rett til å stanse arbeidene i den utstrekning byggherren anser det nødvendig. 15-11-16 Spesielle kontraktsbestemmelser som skal sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontrakter – tillegg til Norsk Standard.

Vesentlig mislighold av ovennevnte plikter, som ikke blir rettet innen en rimelig frist, kan påberopes av byggherren som grunnlag for heving. Der slikt mislighold består i stadige brudd på pliktene, kan byggherren heve selv om leverandøren retter forholdene. Byggherren kan på samme måte kreve at leverandøren skifter ut underleverandører. Dette skal skje uten omkostninger for byggherren.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

7. Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Leverandøren er ansvarlig for at egne ansatte, ansatte hos underleverandører (herunder innleide) har lønns- og arbeidsvilkår i henhold til:

- ✓ Forskrift om allmenngjort tariffavtale.
- ✓ Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter av 8. februar 2008 der denne kommer til anvendelse. På områder som ikke er dekket av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkårene være i henhold til landsomfattende tariffavtale for den aktuelle bransje. Med lønns- og arbeidsvilkår menes bestemmelser om minste arbeidstid, lønn, herunder overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike bestemmelser følger av tariffavtalen.

Leverandøren plikter på forespørsel å dokumentere lønns- og arbeidsvilkårene for egne arbeidstakere, arbeidstakere hos eventuelle underleverandører (herunder innleide). Opplysningene skal dokumenteres ved blant annet kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgiverens bankutskrift. Dokumentasjonen skal være på personnivå og det skal fremgå hvem den gjelder.

Ved brudd på kravene til lønns- og arbeidsvilkår skal leverandøren rette forholdet. Der bruddet har skjedd hos en underleverandør (herunder bemanningsselskaper) er rettingsplikten begrenset til krav som er fremmet skriftlig innen tre måneder etter lønnens forfallsdato, både for krav som følger av allmenngjort tariffavtale og landsomfattende tariffavtale. De vilkår og begrensninger som følger av lov om allmenngjøring av tariffavtaler m.v. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge disse tilfellene.

Byggherren har rett til å holde tilbake et beløp tilsvarende ca. to ganger innsparingen for arbeidsgiveren. Tilbakeholdsretten opphører så snart retting etter foregående ledd er dokumentert. Vesentlig mislighold av lønns- og arbeidsvilkår hos leverandøren kan påberopes av byggherren som grunnlag for heving, selv om leverandøren retter forholdene. Dersom bruddet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskaper), kan byggherren på samme måte kreve at leverandøren skifter ut underleverandører. Dette skal skje uten omkostninger for byggherren.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

15-11-16 Spesielle kontraktsbestemmelser som skal sikre seriøsitet i bygg- og anleggskontrakter – tillegg til Norsk Standard.

8. Bruk av underleverandører, herunder innleid arbeidskraft

Leverandøren kan ikke, uten byggherrens skriftlige samtykke, ha flere enn to ledd underentreprenører i kjede under seg. Vesentlig mislighold som ikke blir rettet innen en rimelig frist gitt ved skriftlig varsel fra byggherren, kan påberopes av byggherren som grunnlag for heving.

Leverandørens bruk av enkeltpersonforetak skal begrunnes skriftlig. Bruk av bemanningsselskap skal varsles byggherren og er underlagt arbeidsmiljøloven, herunder kravet om likebehandling i §14-12a. Byggherren kan bare nekte bruk der han har saklig grunn.

Ved inngåelse av kontrakter om underentreprise som overstiger en verdi på kr 500.000 eks. mva skal leverandøren innhente skatteattest, jf. forskrift om offentlige anskaffelser. Fra underentreprenører med forretningsadresse i andre EØS-land enn Norge, skal det innhentes tilsvarende attest. Leverandøren skal på forespørsel fra byggherren fremlegge skatteattesten.

Hvis attesten ikke fremlegges eller viser restanser som ikke er ubetydelige, kan byggherren kreve at underentreprenøren skiftes ut uten omkostninger dersom forholdet ikke rettes innen en rimelig frist, gitt ved skriftlig varsel.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

9. Krav om betaling til bank

Lønn og annen godtgjørelse til egne ansatte, ansatte hos underleverandører og innleide skal utbetales til konto i bank. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

10. Mislighold av kontraktsforpliktelser - konsekvenser for senere konkurranser

Brudd på pliktene i denne kontrakten vil bli nedtegnet og kan få betydning i senere konkurranser, enten i kvalifikasjons- eller tildelingsomgangen i overensstemmelse med regelverket for offentlige anskaffelser. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.

11. Revisjon

Byggherren, eller ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføre revisjon hos leverandøren og eventuelle under-leverandører i perioden fra kontraktsinngåelse til slutfaktura er betalt for å undersøke om kontraktens krav blir oppfylt. Denne adgangen omfatter også kontrakter og dokumentasjon i underliggende ledd. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal inneholde tilsvarende bestemmelser.